# Møtereferat

**Møtetittel:** Samarbeidsmøte Sju- stjerna og Helseføretak – Covid 19
**Møtenummer:** 9/2020
**Møteleiar:** Mona
**Referent:** Gro Anette

**Dato:** 13.05. 2020
**Tidspunkt:** Kl. 10 00 – 1100
**Stad:** Skype

| | Namn | Møtt |
|---|---|---|
| **Representantar** | Stian Endresen, PKO | X |
| | Gro Anette Frøystad Voldsund; koordinator Sjustjerna H&O | X |
| | Bård Dalen, leiar for Sjustjerna helse- og omsorg | |
| | Trond Aglen, leiar for Sjustjerna rådmannsgruppe | |
| | Rune Sjurgård, rådmann vertskommune | X |
| | Karsten Vingen, Hareid | |
| | Inger Lise Kaldhol, Volda | X |
| | Norunn K. Elde, Ulstein | X |
| | Asta Sileikiene, Sande | X |
| | Bjørn Martin Aasen, Herøy | |
| | Kristian Gottliebsen, Herøy | |
| | Cecilie Oppedal, Vanylven | X |
| | Unni Natås, Ørsta | X |
| | Randi Revheim, Klinikk Volda | X |
| | Jon Hjorthaug, Klinikk Volda | |
| | Erlend Bae, | |
| | Rune Heggedal, Klinikk Volda | |
| | Unni Skare, Fagavdelinga | X |
| | Hallgrim Myklebust | |
| | Knut Nautvik, Klinikk Volda | X |
| | Palma Hånes, Klinikk Volda | |
| | Mona Ryste, Klinikk Volda | X |
| | Karin M Mikaelsen/Kristian Bjelke (FM) | |
| | Linda Gramshaug Fonseca, leiar sjukeheimslegar sjustjerna | |
| **Andre deltakarar** | | |

# Møtereferat

| Sak | Status/aksjonspunkt | Ansvarleg | Frist |
|---|---|---|---|
| Velkomen, praktisk info og agenda<br><br><br><br><br><br><br>Oppfølgingspunkt 06.05.20 | Påminning om smittevernrutinar siste dagane, og kompleksitet i høve symptom av korona.<br><br>Fylkeslegen vil berre bli med på mandagsmøta.<br><br>Føre var prinsippet: tema vert diskutert vidare i dag også. | Mona Ryste | |
| Situasjonsbilete i kommunane | Sande kommune:<br>Ingen ny påvist smitte. 245 testar.<br><br>Volda Kommune:<br>1 ny positiv test, via Volda sjukehus. Karantene blant helsepersonell. Ukjent korleis vedkomande har blitt smitta, elles kontroll på smittesporing. Screenar helsepersonell vedkomande har vore i kontakt med, etter råd frå fhi.<br><br>Ørsta kommune:<br>Ingen ny påvist smitte. 2 legar i karantene i samband med legevakt.<br><br>Herøy kommune:<br>Ikkje tilstades<br><br>Vanylven kommune:<br>1 ny påvist smitte. Delvis kontroll på smittesporing. Asymptomatisk sjukeforløp | Asta Sileikiene<br><br><br>Inger Lise Kaldhol<br><br><br><br><br><br><br><br><br>Unni Natås<br><br><br><br>Bjørn Martin Aasen<br><br><br>Cecilie Oppedal | |

# Møtereferat

| Sak | Status/aksjonspunkt | Ansvarleg | Frist |
|---|---|---|---|
| | med magesmerter. Transportert ilag med fleire heim frå sjukehus. 1 lege i karantene. Sårbart med så få legar.<br><br><u>Ulstein kommune:</u><br>Ingen ny påvist smitte. 266 testar.<br><br><u>Hareid kommune:</u><br>Ikkje tilstades. | <br><br><br><br><br>Norunn Kirkebø Elde<br><br><br><br>Karsten Vingen | |
| Situasjonsbilete i HF | Mona orienterte om situasjonsbilete HMR og Volda sjukehus. Jf. vedlegg.<br><br>1 påvist smitte ved sjukehuset i Volda. 20 tilsette i karantene. Framleis dagkirurgi og planlagt kirurgi utsett resten av veka.<br><br>Logging av pårørande inn og ut av sjukehuset, av omsyn til smittesporing.<br><br>Personell i karantene vert ikkje rutinemessig testa. Dersom Volda kommune ikkje finn si smittekjelde, er det aktuelt å screene helsepersonell ved sjukehuset. | Mona Ryste<br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br>Samarbeid Inger Lise og Unni | |
| Prosedyre kohortavdelingar | Nasjonale føringar sett opp mot episodar med asymptomatiske sjukdomsforløp utfordrar kommunane og fører til ulik | | |

# Møtereferat

| Sak | Status/aksjonspunkt | Ansvarleg | Frist |
|---|---|---|---|
| | praksis.<br>Kommunene opplever at sjukehuset er litt for restriktive med testing. Fleire kommunar har difor innført ulike variantar av screening og karantene når dei tek imot pasientar frå sjukehuset, av omsyn til smittevern i institusjonane. Sjå til dømes Hareid si rutine i vedlegget. Ulstein, Ørsta og Sande har innført liknande. Ønskjeleg med felles prosedyre i Sjustjerna, når vi går utanfor nasjonale føringar?<br><br>Spørsmålet om screening av utskrivingsklare pasientar ligg til handsaming i sentral leiing i helseføretaket. Ikkje endeleg konkludert. Stian fyl opp.<br><br>Kommunane minner igjen om at vurdering av testing vert inkludert i epikriser frå sjukehuset, og at punkt 7 opnar for dette når symptoma viser seg å vere så ulike.<br><br>Legevakter ute gjer også vurderingar, og sjukehuset må ha tillit til mistanken som aktuell lege formidlar. | | |
| Smittevernutstyr | Sjukehuset har ikkje god tilgang til ulike variantar av | | |

# Møtereferat

| Sak | Status/aksjonspunkt | Ansvarleg | Frist |
|---|---|---|---|
| | hette til operasjon. Kommunane har god tilgang. Ulstein nyttar smittevernutstyr førebyggande i heimetenesta no etter det vart påvist smitte på sjukehuset. | | |
| Neste møte 27.05. kl. 10 -11 | Endrar møtefrekvensen til annakvar veke.<br><br>Meld inn aktuelle saker. | Mona<br>Stian<br>Gro- Anette | |